



## Notat

Dato: 21.03.2016  
Arkivsak: 2015/12809-2  
Saksbehandlar: rutornh

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Invitasjon til deltaking på nordisk bibliotekpolitisk konferanse 12. - 14.juni 2016

Etter handsaming i Utval for kultur, idrett og regional utvikling, løyvde Fylkesutvalet i møte 29.januar 2016 (PS 24/2016) kr 100 00 til ein nordisk bibliotekkonferanse, som skal haldast i Bergen 12. - 14. juni 2016.

*Halmstadkonferansen*, som har vore arrangert sidan 1990-talet, er ein viktig arena og møteplass for nordiske bibliotekfolk og kulturpolitikarar. Konferansen tek opp aktuelle problemstillingar for utvikling av folkebiblioteka og set dei i eit politisk og fagleg perspektiv. Konferansen har vore ein sentral arena for å peike ut den vidare kursen til folkebiblioteka i dei nordiske landa. I 2016 vert konferansen arrangert i Bergen for tredje gong. Arrangør er Hordaland fylkeskommune v/ fylkesbiblioteket i samarbeid med Bergen kommune v/ Bergen off. bibliotek, Kultur Halland, Mölndals stadsbibliotek og Aarhus Kommunes Biblioteker.

Tittelen på årets konferanse er «Bibliotek forandrer liv!». I omtalen heiter det at folkebiblioteka utgjer ein enorm, mektig og effektiv infrastruktur, som kan hjelpe samfunnet med å takle mange utfordringar. Problemstillingane skal belyst gjennom innlegg og samtalar mellom politikarar og fagfolk frå Sverige, Danmark og Noreg. Nytt av året er eit møte før konferansen startar, mellom nordiske bibliotekarar som arbeider på regionalt nivå.

Program og påmeldingsinformasjon er publisert på Hordaland fylkeskommune sine nettsider :  
<http://www.hordaland.no/halmstadkonferansen2016>

Beate Husa og Siri Klokkestuen frå Utval for kultur, idrett og regional utvikling skal vere møteleiarar for kvar sin sesjon.

Dersom andre frå utvalet ønskjer å delta på konferansen, er påmeldingsfristen er 2.mai 2016.

Lagt ved er program for konferansen.